



ETNE KOMMUNE

Vedtekne i K-sak 021/19

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I ETNE KOMMUNE

Generelt

Lov om grunnskolen (Opplæringslova) § 13-7 første ledd slår fast at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (heretter omtala som SFO) før og etter skuletid for 1. – 4. trinn og for barn med særskilte behov på 1. – 7. trinn.

Kommunen skal fastsetja SFO sine vedtekter. Etter Opplæringslova skal ein ha vedtekter om:

- a. Eigarforhold
- b. Kven som er opptaksmyndigheit
- c. Opptakskriterium
- d. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen
- e. Foreldrebetaling
- f. Leike- og opphaldsareal
- g. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h. Bemanning og leiing

Nærare innhald av vedtektene skal fastsetjast av kommunestyret. Vedtektene skal mellom anna gje foreldre naudsynt informasjon til å kunna vurdere innhald og kvalitet i SFO.

Vedtekter

1. Formål og innhald

SFO er eit frivillig omsorgs- og tilsynstilbod utanom den obligatoriske skuledagen. Ein skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar der ein tek omsyn til alder, funksjonsnivå og interesser til barna. Funksjonshemma skal gjevast gode utviklingsvilkår.

2. Eigarforhold

Etne kommune er eigar og driv SFO. Rådmannen er ansvarleg for at drifta er i samsvar med Opplæringslova med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

3. Leing

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si SFO. SFO skal i tillegg ha dagleg leiar som skal ha relevant pedagogisk- og fagleg utdanning. Dagleg leiar skal saman med det resterande personalet i SFO driva SFO i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova. Dagleg leiar kan møte i SU med talerett i saker som gjeld SFO.

4. Opptak av born

Søknad om opptak i SFO gjer ein på <https://skole.visma.com/etne>. Frist for å søkja på hovudopptaket om våren er 1. mars, men ein har høve til å søkja heile året.

Rektor har utøvande opptaksmynde.

For opptak gjeld særskilde kriterium etter følgjande prioritet:

- 1) Funksjonshemma born som etter fagkunnig vurdering kan ha nytte av SFO-opphaldet.
- 2) Sosiale, medisinske eller pedagogiske årsaker hjå barnet eller familien elles, etter tilråding frå faginstans (PPT, sosialkontor, barnevernstenesta, helsesyster, lege).
- 3) Born med einslege foreldre.
- 4) Born der både foreldra er i arbeid utanfor heimen.
- 5) Alle andre born.

5. Aksept av plass

Frist for tilbakemelding er 8 dagar etter mottak av tilbod. For seint innkomne svar kan gje tap av plass.

6. Oppseiingsfrist og vilkår for oppseiing

Inngått kontrakt gjeld til barnet byrjar på 5. eventuelt 8. steg eller til han vert sagt opp. Oppseiing av kontrakten kan skje heile året og kan gjerast gjensidig av begge partar. Oppseiingstida er 3 månader. I særskilte høve kan ein akseptera kortare oppseiingstid. Ved oppseiing etter den 15. i månaden, vil oppseiingstida starta i månaden etter. Større endringar av kontrakten vert å sjå på som oppseiing av gammal kontrakt, og ny kontrakt skal skrivast. Dette er ikkje naudsynt ved mindre endringar. Endringar bør skje til sommaren eller rundt årsskiftet. Elevar som har rett til fri skuleskyss, kan få skyss i oppseiingstida. Vilkåret er at ein då seier frå seg å nytta SFO-plassen. Ein må likevel betala for plassen i oppseiingstida.

Ved misleghald av kontrakten er oppseiingsfrist for kommunen 14 dagar. Definisjon av misleghald er manglande innbetaling i meir enn 3 månader.

7. Foreldrebetaling

Betalingssatsane kan endrast etter vedtak i Kommunestyret med påfølgjande éin månads varslingsstid.

Gjeldande satsar kjem fram i taksthefte for Etne kommune.

Faktura for SFO-tilbod vert sendt ut månadleg.

Minste timetal ein kan inngå kontrakt for er 10 timar per veke. Når ein inngår kontrakt, må ein oppgje start- og sluttid i kvartersvise tidspunkt. Eks. 00, 15, 30 og 45. (Dette for å letta arbeidsbyrda for SFO-ansvarleg, samt kunna skapa meir føreseielege vilkår for dei tilsette). Då Skånevik SFO byrjar kl. 1350 på skuledagar, kan Skånevik SFO gjera eigne tilpassingar. Ein har høve til å kjøpa timar utanom dei kontraktfesta timane. Einskildtimar har ein noko høgare pris.

Ved fråvær over 4 samanhengande veker grunna sjukdom eller andre særskilte grunnar, kan det søkjast fritak frå foreldrebetaling. Søknad med dokumentasjon skal sendast skulen via <https://skole.visma.com/etne>

8. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Opningstida i SFO er slik (tidene er tilpassa 1. – 4. trinn si undervisningstid):

Enge skule: Måndag, tysdag, torsdag og fredag: 07.00 – 08.45 og 14.30 – 16.30
Onsdag: 07.00 – 16.30

Skånevik skule: Måndag, tysdag, torsdag og fredag: 07.30 – 08.20 og 13.50 – 16.15
Onsdag: 07.30 – 16.15

- **Enge og Skånevik skular** tilbyr SFO på elevfrie arbeidsdagar frå 1. august til utgangen av juni.
SFO er stengt to planleggjingsdagar i august og to interkommunale planleggjingsdagar.
På andre elevfrie dagar må det vera minst fem born som ynskjer tilbodet for at SFO skal vera open.

9. Leike- og opphaldsareal

Netto leike- og opphaldsareal innandørs skal for kvart barn vera minimum 4,0 m². Dette er den same arealnorma for barn over 3 år i barnehagane, og er i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
Både ute- og inneareala skal vera eigna for formålet.

10. Personalet

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si SFO. Ein skal i tillegg ha dagleg leiar som skal ha relevant pedagogisk- og fagleg utdanning, jf. pkt 3.

Den som skal arbeida i SFO, skal leggja fram tilfredsstillande politiattest som viser om personen er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Personar som ikkje kan leggja fram tilfredsstillande politiattest, er utelukka frå arbeid i SFO.

Alle tilsette i SFO har teieplikt i samsvar med Forvaltningslova § 13.
SFO har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta tilsvarende plikta ein har i den ordinære undervisningstida.

Bemanninga skal vera forsvarleg ut frå rektor si vurdering.

11. Endring av vedtektene

Kommunestyret skal fastsetja SFO sine vedtekter. Endringar av vedtektene skal gjerast av kommunestyret.

Rådmannen har mynde til å endra vedtektene når dette er som følge av endringar i Lov om grunnskolen, avtaleverket eller kommunen sitt årlege budsjettvedtak.

Rådmannen har også mynde til å gjera mindre endringar som ikkje er av prinsipiell art.